

## Nytt håp for nakkeskadde

Helsestyremaktene skal bruke 10 millionar kroner på å forske på eit unikt behandlingssopplegg for nakkeslengskader.



NAKKETEST: Maskina Beate Hjelset Kaale har teke plass i, blir brukt både til testing og trening. Måten nakkeskader blir behandla på Sandane blir no forskingsobjekt. Vi trur ikkje vi har den eine sanninga, men meiner vi har noko å bidra med, seier Bertel Rune Kaale.  
FOTO: ØYSTEIN TORHEIM

[Terje Ulvedal](#)

Publisert: 11. aug. 2006, 06:00

Oppdatert: 11. aug. 2006, 06:29

Metoden blir praktisert ved Firda fysikalsk-medisinsk senter på Sandane. Både diagnostisering og treningsopplegg er utvikla i eit samarbeid mellom Nordfjord-senteret og Haukeland universitetssjukehus.

- Nakkeskadde er ei pasientgruppe det ofte blir sett på med mistenksame auge, og det offentlege tilbodet til denne pasientgruppa er ikkje tilstrekkeleg. Vi håpar resultata frå dette forskingsprosjektet skal bidra til ei meir målretta rehabilitering, seier Bertel Rune Kaale, spesialist i manuellterapi og dagleg leiar ved senteret på Sandane.

Unifob Helse, eit forskingsselskap under Universitetet i Bergen, skal gjennomføre prosjektet.

## Trene muskulatur

Behandlingsmetoden tek utgangspunkt i at leddbandskader i øvre delar av nakken ikkje kan opererast fordi dei ligg utilgjengeleg til. Løysinga blir dermed trening av muskulatur for å erstatte funksjonen til dei skadde leddbanda.

Kaale var ein av dei første som greidde å diagnostisere skader på leddband mellom nakken og hovudet. For 12 år sidan fekk han med seg overlege Jostein Kråkenes ved nevreradiologisk avdeling på Haukeland. Han utvikla ein metode for å ta bilete av bandstrukturen i øvre nakkeregion, og tok doktorgraden på dette for to år sidan.

Pasientar frå heile landet har siste åra reist til Sandane for å bli diagnostiserte og få rehabilitering. I behandlinga brukar senteret ei datastyrt maskin til testing og behandling. Nakketestmaskinen viser tap av muskelfunksjon, kva type funksjonar som er reduserte og lagar ein profil på kvar pasient som blir brukt i vidare opptrening.

- Vi har sett saman kjende behandlingsmåtar frå ulike land og makta å vere nøyaktige, og dermed få ei målretta opptrening, seier Kaale.

## Må betale sjølv

Pasientane som søker seg til Sandane må dekke opphaldet sjølv. I regelverket til Rikstrygdeverket heiter det at dei berre får dekka reise til næraste manuellterapeut.

Mange av pasientane som kjem til oss har gått med plagene frå to-tre til 15-20 år. Dei har prøvd dei tilboda som er tilgjengelege. Ved senteret på Sandane går dei først gjennom ein seks timar lang test, før det blir sett opp eit program for rehabilitering, seier Kaale.

Kvart år tek 250 pasientar frå heile landet denne testen. Fleire har i etterkant av behandlingssopplegget fortalt om betra livskvalitet og reduserte smerter.